



Nr 3 - 2023

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget

møte:plassen



Herre, din jord bærer mat nok til alle.
Takk for den delen du vil vi skal ha!
Lær oss å dekke et langbord i verden,
som alle kan reise seg mette fra!

Utflytta
Undheimsbu
side 4 - 5

Konfirmant-
presentasjon
side 6

Nytt frå
soknerådet
side 9

Fest for alle
Undheim kyrkje
side 10

Haustglede

Bær og frukt er hausta, og me kan sjå fram til innekveldar med fyr i omnen og tende stearinlys. Naturen har teke haustfargane på, men rundt oss ser me ennå grøne marker og beitande kyr.

Sauene er komne ned frå fjellet og blir snart både til fårikål og lammefrikassè. Er du ein av dei som ser fram til haustkveldane, eller gruer du til mørketida og hauststormane? Rundt oss i verda er det både naturkatastrofar og krig, og her i vårt eige land er det óg mykje ein kan uroa seg over. Korleis vil framtida bli?

Mange kjenner óg at ikkje alltid helse og humør er på topp, og kven skal ein snakka med når dei fleste har nok med seg og sine? Ikkje minst tek óg skjermene meir og meir av tida vår.

Kva kan me gjera for å skapa haustglede?

I nitimen her om dagen var hypokonderlegen Ingvar

Wilhemsen gjest. Mange rundt om i Norge har fått hjelp av Wilhemsen. Han er med og byggjer opp folk med ord.

Kan me vera med å byggja kvarandre opp med å seia gode ord til kvarandre? Kva med å ha ein stafett gåande der me spreier gode ord og handlingar for dei som bur rundt oss og som me treff på? Det treng ikkje vera dei store orda, men eit smil og ei lita oppmuntring til ein du møter på butikken eller i nabolaget.

Vår eigen diktar, Arne Garborg, sa det så treffande:

«Me byggjer det gode i oss,
når me gjer det gode ikring oss.»

Jesus er med oss både i hauststormar og andre stormar i livet.

Ynskjer alle ein fin haust med å så ut gode ord!

Tordis Sandvik

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKTØR:
Steinar Sandvik
tlf. 400 07 909
LAYOUT:
Hanne Brit Sandmark

REDAKSJONEN:
Steinar Sandvik
Laila Undheim
Hanne Nordbrønd
Siv H. Undheim
Hanne Brit Sandmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Illustrasjonsfoto: Pixabay.com



Min song


*Lær meg å kjenne dine veie
og gå dem trøstig skritt for skritt!
Jeg vet at hva jeg fikk i eie,
er borget gods, og alt er ditt.
Men vil din sterke hånd meg lede,
jeg aldri feil på målet ser,
og for hvert håp som dør her nede,
får jeg et håp i himlen mer.*

*Lær meg å kjenne dine tanker
og øves i å tenke dem!
Og når i angst mitt hjerte banker,
da må du kalle motet frem.
Når jeg har tenkt meg trett til døden,
si så hva du har tenkt, o Gud!
Da kan jeg se at morgenrøden
bak tvil og vånde veller ut.*

*Men lær meg fremfor alt å kjenne
din grenseløse kjærlighet,
den som kan tusen stjerner tenne
når lykkens sol for meg går ned.
Den tørrer tåren som den skapte,
og leger såret som den slo.
Dens vei går gjennom det vi tapte,
den gir oss mere enn den tok.*

Tekst: Jakob Paulli 1902.

Melodi: Norsk folketone fra Åseral



Denne songen er blitt ei bøn om at Jesus må hjelpe meg å ta den rette vegen, eitt skritt om gongen. Målet for meg er heim til Jesus i Himmelen. Den beste plassen er å vere i Jesu Kristi nærvær, og få ha dei rette tankane i medgang som i motgang. Tenk å vera omslutta av Gud vår Far sin store kjærleik! Då treng me ikkje frykta for framtida, men leggja den i Guds hender med takk og bøn. Les gjerne songen høgt, og høyр kva den seier deg.

Judith Sikveland Hovstad

Med ein fot på Jæren og ein i Oslo

Mette Kristin Reiten (57) flytta ut frå barndomsheimen på Garborg etter vidaregåande skule. For 25 år sidan flytta familien på fem til Orstad.

Tekst: Steinar Sandvik

Mette Reiten er utdanna jurist frå Bergen og Oslo. Men før jus-studiet var ho eitt år i Ungdom i Oppdrag ved Eintrøa i Trøndelag. Det vart med det eine året i UiO, og vegen gjekk til Bergen. No var ho klar til å bli student.
– Det første året var det studiar i pedagogikk. Sidan vart det jus. Dagane på lesesalen var lange, men vi var ein god gjeng i lag som både hadde eit godt læringsmiljø og sterke vennskap.

Dei siste to studieåra var ho knytta til Universitetet i Oslo. Men berre det siste året hadde ho fast bustad i hovudstaden.

Etter utdanninga fekk ho arbeid ved Sosial- og helsedepartementet.

RETT I ARBEID

– Det var gildt å kome i arbeid. Eg har aldri hatt stilling som advokat i rettssaker. Mine oppgåver har stort sett vore som rådgjevar for å førebyggje at saker hamnar i retten.

Då vi kom til Jæren, fekk eg jobb ved fylkeskommunen. Dei siste 23 åra har Mette arbeidd i Compendia som juridisk rådgjevar innan arbeidsrett. No har ho fast base i Høghuset på Bryne.

EKTEFELLE

– Då eg flytta til Oslo var det viktig å finne eit kristent miljø. Det vart Frikyrkja. Gjennom felles kjende trefte eg Asbjørn Finnakk. Han er ekte Oslo-gut og utdanna som diakon, fortel Mette.

Mette og Asbjørn gifta seg i 1994 i Oslo. Mette budde i hovudstaden i 10 år før ho og familien flytta til Orstad. Der har dei budd i 25 år.

La meg gå i dine fotspor
Der er det sikkert, der er det trygt
La meg søke dine veier
Du er min støtte, du er min lykt

Gunn Berit L. Soldal

GODT FELLESSKAP

Mette fortel at familien trivst godt på Orstad.

– Vi vart godt mottekne og inkluderte i bygda på alle måtar. Den første tida var det samlingar i samfunnshuset, men etter kvart fekk Frøyland og Orstad eiga kyrkje. Både Asbjørn og eg har vore med i ulike oppgåver i kyrkja, men også i idrettslaget.

– For min del har det vore ulike oppgåver som mellom anna barnekor, sokneråd, lovsang og cellegruppe. Vi kjenner oss heime på Orstad, seier Mette og roser det gode fellesskapet både i kyrkja, idrettslaget og i nabolaget.

HYTTE I OSLO

Mette og Asbjørn har tre barn: Håkon (27) er gift og er i arbeid som advokat. 25 år gamle Sverre er teolog og er dette året i forsvaret som militærprest. Øystein (21) er student for å bli lærar.

– Barna våre held til i Oslo, og vi er óg knytta til hovudstaden. Der har vi også kjøpt eit husvære som er «hytta» vår og studentbustad for gutane våre. For oss er det ein fast plass når vi er i Oslo, og det er ganske ofte. Sjølv om familien har slått rot på Jæren, er vi sterkt knytta til Oslo, både med familie og venner.

GOD OPPVEKST

Mette fortel om ei trygg og god oppvekst på Garborg.

– Eg hadde to eldre brør, Sverre og Nils som var ein del eldre enn meg. Og eg kjende meg av og til som eit einebarn. Rundt oss var det ikkje så mange på min alder, men eg hadde to jenter på nabogarden, dei leika eg mykje med. Eg var mykje i lag med både mor og bestemor i det daglege, fortel Mette. – Då eg byrja på Undheim skule, kjende eg ingen av klassekameratane på min alder. Men skulen var ei fin tid, og eg blei fortkjend med dei i klassen.

LITE KONTAKT MED UNDHEIM

Mette fortel også om fridtida på Undheim.

– Skulle eg til Undheim, var det å kome seg på sykkelen. Det kunne vere langt, både fram og så heim att, for ein 7-8-åring. Men eg hugsar godt kor gildt det var å vere saman med jamaldringar.



Mette Kristin Reiten kjenner på mykje godt både i oppvekst og ungdomstid. (Privat foto)

- Mor var med som leiar i Ungdomskoret og barneforeininga Formosalilja saman med Anna Fotland, fortel Mette. – Og er var ofte med mor til kapellet lenge før eg eigentleg var gammal nok til å vere med.

FRÅ SØNDAGSSKULE TIL HUSMØTE

Før eg byrja på skulen hadde ikkje ungane på Garborg så mykje kontakt med ungane på Undheim, og det var ikkje naturleg å gå på søndagsskule på Undheim.

- Men vi hadde vår eigen søndagsskule på Gudmestad. Etter kvart som Mette vart eldre, var det naturleg å vere med i Ungdomsforeininga.

– Ofte var det møte i kapellet, og etterpå vart bilane fylte opp. Nokre gonger var vi heime hos ungdommar på Undheim. Der var mange opne kjellarar og langpannekaker på den tida. Elles var vi med rundt til andre plassar på Jæren – til Vigrestad, Varhaug eller Nærbo.

– Eg hugsar og ei tid på Undheim nokre år seinare med husmøter der Kari og Nils var aktive, og eg var med. Sjølv om eg nok ikkje har tenkt på meg sjølv som ein «Undheimsbu» nokon gong, så kjenner eg på så mykje godt når eg tenkjer på både oppvekst og ungdomstid på Undheim. Det er eit godt jordsmonn å vekse opp i.

Årets konfirmantar vart presenterte

Konfirmantflokken frå Undheim dette året er på sju ungdommar. Dei vart presenterte på gudstenesta søndag 3. september.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Det var kateket Ingfrid Time Nærland som presenterte det nye konfirmantkullet. Dei sju konfirmantane er Pauline Tveiten, Lerke Tjåland, Jofrid Berge, Oda Sikveland, Mikal Marinus Aardal, Tobias Undheim Rosland og Sebastian Sele Bore.

Under presentasjonen fekk kvar av konfirmantane kvar sin Bibel. Men gudstenesta innehald meir enn presentasjonen.

RAUDT BAND

Alle som kom til kyrkje denne søndagen kunne ikkje unngå å sjå det raude bandet i midtgangen i kyrkja. I talen til konfirmantane og alle dei andre, peika

Ingfrid Time Nærland på kor viktig Bibelen er. Kvar er den raude tråden i Bibelen?

- Bibelen er forteljinga om deg og om meg, og om Gud, og om kven eg er. Den raude tråden startar med forteljinga om Gud som skapte og at han elskar oss, men også om brot.

REDNINGSMANN

- Vidare er det forteljinga om Jesus som er løysinga, han som er til stades i vår skapte verd. Forteljinga om Jesus er løysinga på Gud sitt problem, og vårt problem. Jesus er redningsmannen for å rette opp igjen kontakten med Gud, at Gud kom til jorda for deg som Jesus, og at han alltid er der for deg.

Dette var berre starten for eit konfirmantkull som saman får oppleve ei rik tid fram til avslutninga med konfirmasjonen 5. mai 2024.



Frå venstre kateket Ingfrid Time Nærland, Pauline Tveiten, Lerke Tjåland, Jofrid Berge, Oda Sikveland, Mikal Marinus Aardal, Tobias Undheim Rosland og Sebastian Sele Bore.

NYTT FRÅ KYRKJESTYRET



I løpet av hausten er det planlagt å fikse fliser både ute og inne. (Foto: Steinar Sandvik)

VARMESTYRING

- Styret i Undheim kyrkje har ei tid vurdert kva som skal gjerast for å få meir stabil varme i bygget. I styret 28. august vart det vedteke å installere ei ekstra varmepumpe (luft/luft). Varmepumpa er alt på plass. Torvald Tjåland (styreleiar) seier at den nye varmepumpa skal gi stabil og behageleg varme i bygget.
– Til no har det fungert tilfredsstillande, seier Torvald og legg til at sjølv aggregatet er godt skjult utandørs.
– Anlegget er på 7 kw. Prisen på anlegget er på 40.000 kroner.

FLISEARBEID

I løpet av hausten vert det utført ein del rehabilitering av fliser både ute og inne. Torvald reknar med at arbeidet vert utført av eit murarfirma.

MALING

Kyrkjestyret er også i gang med planelegging av maling på fasaden av kyrkjebygget.

Torvald seier at dette arbeidet er planlagt utført neste sommar.–Vi har alt teke kontakt med Kyrkjeleg fellesråd og sendt søknad om støtte til malararbeidet.



Varmepumpe held meir stabil varme i kyrkjerommet. (Foto: Steinar Sandvik)

La meg hvile i dine hender
Der er det hellig, der er mitt sted
La meg leve deg til ære
Du er min glede, du er min fred

Gunn Berit L. Soldal

JUBILEUMS-STAFETT TIL UNDHEIM



Tekst og foto: Steinar Sandvik

Søndag 17. september hadde ein nesten fem meter lang robåt stranda i Undheim kyrkje.

Robåten under fulle segl var trygt fortøygd inne i kyrkjerommet. I gudstenesta deltok både små og store. Prost Lars Sigurd Tjelle leia gudstenesta og trekte fram songar om både sjølivet og store bølger til stor glede for kyrkjelyden.

Dei yngste i forsamlinga var med på den første delen av gudstenesta før dei gjekk til søndags-skulen i kyrkjekjellaren.

Tjelle fortalte at robåten i kyrkjerommet er ein slags stafettpinne. I pinsa 2025 skal robåten kome til Stavanger for å delta på 900-jubileet for Stavanger domkirke og Stavanger kommune. Stafetten starta i Egersund kirke. I løpet av dei to åra skal «stafettpinnen» innom dei 90 kyrkjelydane i Stavanger bispedømme.

Alle kyrkjelydane som får besøk, skal sette sitt eige segl på båtseglet. No har Undheim sitt eige segl festa på seglduken. Tone Gudmestad har utforma Undheim sitt segl som er eit grønt hjarte med kyrkjertårnet.

Innfelt:

Undheim kyrkje sitt segl på det store båtseglet.

Tone Gudmestad har utforma Undheim-seglet.

Prost Lars Sigurd Tjelle leia gudstenesta då Jubileumsstafetten gjesta Undheim søndag 17. september.

Nytt frå soknerådet og dagleg leiar

SOKNEPREST

Soknepresten vår, May Brit M. Arnø, starta opp igjen som sokneprest i 50% stilling i haust. Mange var glade for å sjå at ho var tilbake etter eit langt sjukefråvær. Dessverre var ikkje helsa god nok til å halda fram, og May Brit er på nytt sjukemeld.

Roald Byberg er god og stiller opp på nytt for Undheim kyrkje! Han har sagt ja til å vera med oss ut året. Me er takksame for at han stiller opp nok ein gong!

WEEKEND

Soknerådet vedtok å avlysa weekenden fordi me stod utan talar då May Brit blei sjukemeld. Det var synd at det blei slik denne gongen. Det kostar både for soknerådet og for deltakarane å arrangera weekend, og det krev ein god del arbeid. Derfor er det viktig at resultatet blir godt, og det kunne me ikkje garantera denne gongen. Det kjem nok nye sjansar.

SUPERMIX

Det har vore spanande kva som vil skje med Supermix. Framleis er det ikkje dirigent på plass, men det er gode leiarar som driv Supermix som ei barneforeining med aktivitetar, ein kort andakt og kanskje litt leikar og fokus på det sosiale. Tusen takk for den jobben de leiarar gjer der.

KYRKJEVALET

11.september, same dagen som kommunevalet, var det val i kyrkja. På førehånd var det mogleg å førehandsrøysta både digitalt og manuelt. Ein kunne røysta både på soknerådsvalet og på val av bispedømmeråd. Til saman røysta 272 603 personar i kyrkjevalet i heile Noreg.

Stavanger bispedømme hadde ein oppslutnad på 9,48 % medan det på landsbasis var 8,99%. 67 personar frå Undheim stemde på bispedømmerådsvalet på papir.

På Undheim røysta 109 personar i soknerådsvalet, som er 13,40% av dei 813 som hadde røysterett. Takk til alle de som brukte retta til å røysta, til de som var villige til å stå på lista til soknerådsvalet og til de som hjelpte til med gjennomføringa av valet!

Desse kandidatane blei valde til Undheim sokneråd:

Oddvar Undheim
Hanne Brit Sandmark
Per Arne Undheim
Ivar Risa
Arnfrid Bjelland
Tordis Sandvik

Varamedlem:
Synnøve Charlotte Meling Gauksås
Kari Haavardsholm
Nina Fosse

Len deg tilbake
i Guds evige armer
Hvil deg i hans omsorgsfulle favn
Ta imot Guds kjærlighetsgave
Hans hellige nærvær
og trygge havn

Gunn Berit L. Soldal

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE 10.30


15. oktober Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule
29. oktober Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule

12. november Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule
26. november Gudsteneste for store og små. Dåp.
Utdeling av 4-års bok

10. desember kl. 14:00 Me syng jula inn

KONTAKTINFO:

Prest: Roald Byberg	400 38 028
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårlund	489 97 102
Ungdomsarbeidar: Mona Handeland	401 00 946
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantleiar: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø	980 28 690



UNG SORG

Sorg er ingen sjukdom. Men det kan gjere forferdeleg vondt. Sorga kan setje i gang tankar, kjensler og veremåtar som kan virke ubegripelege, rare, uvante eller skremmande. Sidan me ikkje kan forhindra tap, må me heller prøve å hjelpe barnet ved å vise respekt for tapsopplevinga og hjelpe til med å finne uttrykk for følelsane.

Det er ei samtalegruppe med andre på same alder som også har opplevd å mista anten foreldre eller sysken i dødsfall. Sorggruppa skal vere eit trygt fellesskap der det er rom for å setje ord på kjensler, tankar og reaksjonar som sorga fører med seg. Kvar enkelt bestemmer sjølv kva han/ho vil dele, og me vil alltid oppfordra barna/ungdommane til å respektera kvarandre gjennom at ein ikkje fortel vidare det som blir delt i gruppa. Me har lov til å vera både glade og leie oss i lag.

For påmelding og/eller informasjon, ta kontakt med diakonen i din lokale kyrkjelyd, eller direkte til diakon i Bryne: Marit Høie Hetland, marit@timekyrkja.no tlf. 911 63 039.
Påmeldingsfrist er 5. oktober.

Oppstart blir **måndag 6. november**. Resten av datoane kjem etter påmelding, alle gruppemøta blir på måndagar. Gruppa møtes 8 gonger i løpet av ein periode på ca. 4 månader, mellom haustferien og vinterferien.

Alle gruppemøta blir **antenn i skuletida eller rett etter skuletid**, og fravær blir avtala med skulen. Planen er å ha to grupper, **ei frå 4.-7. klasse og ei frå 8.-10. klasse**, men gruppesamansettning og tidspunkt blir endeleg avklart etter påmelding.

Stad: Bryne kyrkje.

Gruppene er livssynsopne, og er opne for alle uansett kva livssyn og tilknyting til kyrkjessamfunn du har. Transport til og frå gruppa blir avtala med kvar enkelt.

Ei sorggruppe gir høve til å treffe andre som er i same situasjon. Barn og ungdommar er ofte åleine i si sorg, og det å få høve til å treffa andre i same livssituasjon kan vere til god hjelp.

Me har alltid eit måltid mat saman.

Det blir brukt ulike typar leik, teikning og hobbyaktivitetar for å styrke samtalen om tema omkring sorg og død. På den måten ønskjer me å gje barna og ungdommane rom for å sørge, og å hjelpe til med å få gitt uttrykk for sine tankar, kjensler og reaksjonar.

Tilbodet er gratis.

Barnet/ungdommen blir saman med ein forelder/føresett invitert til ein **oppstarts-samtale før gruppa startar**. Der får me bli litt kjent med kvarandre.

Sorggruppene blir organisert av diakonane i Den norske kyrkja på Jæren, i Sandnes og i Sola.

VELKOMMEN TIL FEST I UNDHEIM KYRKJE

Fredag 24. november kl. 19.00

vert det fest i kyrkja. Du er velkommen! Festen er åpen for alle. Me får mellom anna god mat og eit inspirerande og underhaldande føredrag av Oddvar Vignes. Det kjem meir informasjon om festen etter kvart. **Påmelding opnar 20. oktober på undheimkyrkja.no**





BARNAS

Finn 10 fiskar

I rutenettet gøyer det seg namnet på 10 forskjellige fiskeartar. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

T	O	M	S	I	L	P	Å
V	E	R	L	H	A	R	R
I	T	O	R	S	K	R	Ø
G	J	R	H	E	S	M	K
G	J	E	D	D	E	A	K
A	V	T	B	I	U	K	Æ
B	Ø	R	R	E	T	R	O
B	L	N	U	Q	S	E	I
O	M	F	Y	S	I	L	D
R	K	I	S	T	Å	L	V

- Doktor, eg trur eg kan sjå inn i framtida.
- Kor lenge har du hatt det slik?
- Sidan neste tirsdag.

Vitsar

- Kva kallar ein ungane til ein sau?
- Bæbyar

Finn fem feil!

Her får disiplene masse fisk. Dei to biletene er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Claudia Chiaravalloti

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!


Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Labyrint

Kan du hjelpe fisen å komme seg gjennom labyrinten?



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		<p>Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no</p>
		
<p>Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim</p>	 <p>SOL INSPIRASJON <i>Dikt og oppmuntringer</i> www.solinspirasjon.com</p>	<p>UNDHEIM HANDELSLAG</p> <p></p> <p>undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670</p>
	 <p>NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 43 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400</p>	 <p>Sjekk  Punkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no</p>
	 <p>JKE Transport JAN KARSTEN EGELAND TRANSPORTAS</p>	 <p>Byggmester Ståle N. Sikveland</p>
	 <p>Høiland & Tveit BetonEntreprenør</p>	 <p>SpareBank 1 SR-BANK</p>
 <p>Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no</p>	 <p>Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no</p>	 <p>NOVA BEGRAVELSESBYRÅ</p>
 <p>Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10</p>	 <p>Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN</p>	 <p>Bryne Rør AS</p>